



# Årsmelding - Keipen Turlag 2022

Org. nr: 911830477

## Styret har i 2022 vore samansett slik:

Leiar	: Jannike Brenden Frøyen
Nestleiar	: Steinar Isene
Kasserar	: Kirsten Grotle
Sekretær	: Jeanett Bergetun Rogne
Styremedlem	: Svenn Petter Kjerpeset
Styremedlem	: Marte Christine Jørgensen - Barnas Turlag
Varamedlem	: Gry Gulestøl
Varamedlem	: Per Arne Sæterlid
<b>Revisorar</b>	: Bjørg Didriksen og Kåre Myklebust
<b>Valnemnd</b>	: Evy Dombestein og Sølvi Joensen

## Barnas Turlag Keipen:

Leiar:	Marte Christine Jørgensen	Aktivitetsleder 2022
	Siriann Borgund	Aktivitetsleder 2022
	Evy Dombestein	
	Johnny Røys	Aktivitetsleder 2022
	Camilla Gulhaugen	Aktivitetsleder 2022
	Stig Arve Leirvik	Aktivitetsleder 2022
	Siri Haugland	

## Turleiarar:

Inger Lise Langedal, Svelgen	turleiar 2010	
Kjell Morten Langedal, Svelgen	turleiar 2010	
Steinar Isene, Svelgen	turleiar 2011	
Svenn Petter Kjerpeset, Bremanger	turleiar 2014	Sommarturleiar 2015
Per Arne Sæterlid, Svelgen	turleiar 2016	
Jannike Brenden Frøyen, Kalvåg	turleiar 2017	Breførar 2021 – Sommarturleiar 2022
Gry Hege R. Gulestøl, Svelgen	turleiar 2021	
Stine Svoen, Svelgen	turleiar 2021	
Tobias Bueie, Svelgen	turleiar 2021	
Johnny Røys, Svelgen	turleiar 2021	
Liv Sigdestad Brekke, Svelgen	turleiar 2021	
Elisabeth B Hatlenes, Davik	turleiar 2021	
Anne Karin Svarstad, Bremanger	turleiar 2022	

## Ansvarspersoner i organisasjonen:


- Web-side: Kirsten Grotle
- G-mail Keipen Turlag: Jannike Brenden Frøyen
- G-mail Barnas Turlag: Marte Jørgensen
- Facebookside Keipen Turlag: Jannike Brenden Frøyen
- Facebookside Keipen Turlag Turboktrim: Jannike Brenden Frøyen
- Facebookside Barnas Turlag Keipen: Marte Jørgensen
- Instagramkonto: Svenn Petter Kjerpeset
- Instagramkonto Barnas Turlag: Marte Jørgensen
- UT.no: Kirsten Grotle
- Opptur 8. kl: Jannike Brenden Frøyen
- Ålfoten landskapsverneområde: Svenn Petter Kjerpeset
- Fjelltrimmen Svelgen: Gry Gulestøl
- Turboktrim: Svenn Petter Kjerpeset og Jannike Brenden Frøyen
- Turorientering: Steinar Isene
- Turleiargruppa: Jannike Brenden Frøyen
- Barnas Turlag Keipen: Marte Jørgensen
- Ung Keipen: Per Arne sæterlid
- Hyttevertane: Sissel Sandvik Igland
- Lageransvarleg: Jannike Brenden Frøyen
- Fjelltrimmen i Svelgen: Gry Gulestøl
- Hytteansvarlege:
  - Knekkevasshytta: Steinar Isene
  - Moldahytta: Karsten Løvseth
  - Martinbu: Liv S. Brekke
  - Olavsbu-Hornelen: Jon Rune Nygård
  - Langhuken: Per Arne Sæterlid
  - (Vetehytta: Mary og Terje/Kirsten Grotle)
- Ansvarlege T-sti:
  - Ålfotbreen: Steinar Isene
  - Gjegnen: Svenn Petter Kjerpeset
  - Keipen: Tore Sjørgulen
  - Vingesætra: Kjell Morten Langedal
  - Hornelen frå Berleneset: Svanhild Liset
  - Hornelen frå Hunskår: Jon Rune Nygård
  - Vetvika rundtur: Kirsten Grotle
  - (Troda: Sølvi Joensen)

## Medlemmar:

Nedgang på 5 medlemmer. Dette er ikkje rette tall. Da alle Keipen Turlags medlemmer som har postnr utanfor Bremanger kommune ikkje er med i listen.

	2019	2020	2021	2022
<b>Familie hovud</b>	24	24		
<b>Hovedmedlem</b>	61	55	55	55
<b>Ungdom</b>	6	5	3	7
<b>Honnør /Senior</b>	30	36	35	36
<b>Livsvarig</b>	1	1	1	
<b>Barn</b>	13	6	5	9
<b>Skuleungdom</b>	6	5	2	1
<b>Husstandsmedlem</b>	20	18	20	17
<b>Familie hushand</b>	88	89	122	115
<b>Ufør medlemskap</b>			1	
<b>Gåvemedlemskap</b>			1	
<b>Total</b>	249	239	245	<b>240</b>

Heidersmedlem (livsvarig): Oddmund Leirvik



## Møte:

Vi har gjennomført årsmøte, 6 styremøte og handsama 53 saker.

Møtene har vært holdt på lager/kontor i Rugsund, foruten konstituerende møte som var på Knekkevasshytta Styret har utanom styremøtene holdt kommunikasjon via Messenger- gruppe.

Saker vi har jobba med er m.a. gjennomføring av planlagde aktivitetar, administrasjon med rapportering og søknader, dugnad Moldahytta, reperasjoner Martinbu, skiltprosjekt med skilting og merking av turstiar ( T-stiar og område Nordgulen) merking med refleks til Langhuken. Elles eit omfattande arbeid knytta til stiar til Troda. Vi jobber med å få godkjenning for å merke turstien Davik - Troda og Blålida – Troda til T-sti.

Vi har òg utdanna: 1 nye turleiar og 1 Sommarturleiar, 6 Aktivitetsleiare i BT , 1 Nærturleiar og hatt 6 personer på merkekurs. 12 Turleiare deltok på førstehjelpskurs med Røde Kors. samt at Jannike og Svenn Petter har deltatt på 2 turleiar samlingar med SFT en av de var på nett.

Leier i laget sit òg i ei gruppe i Bremanger kommune, der det vert jobba med kartlegging av turruter i Bremanger kommune. Mange har deltatt på kurs i Motimate, ei digital opplæringsplattform

Andre møter:

- Årsmøte til SFT på Skei; Jannike og Steinar
- Møte med SFE ang brehytta nær Ålfotbreen; Jannike og Svenn Petter
- 2 møter med Svelgen opp og fram m/fleire ang Frivillighetens år; Jannike
- Landsmøte Haugesund; Jannike
- Skiltgruppe, fleire møter; Kirsten, Steinar, Gry, Per Arne, Jannike, Svenn Petter
- Ålfoten Landskapsvernområde; Svenn Petter
- Evalueringsmøte etter årets tursesong og planlegging av fellesturar 2023; turleiarar
- Div. Webinar og møte
- Barnas Turlag har hatt 4 møter
- Fellessamling Vik; Jannike og Steinar
- Møte ang plassering av pekeskilt med Bremanger Kommune; Jannike, Svenn Petter
- Leier Jannike har sete i utval i SFT kartlegging av arbeidsoppgåver SFT og Lokallag. 5 møter
- Leder har deltatt i møter med kommunen ang deres plan for fremming av friluftsliv

Andre oppdrag:

## Presse, markedsføring:

28.11.21: FJT sak om Svelgen fjeltrimmen

12.01.22: Firdaposten Nemt med positiv omtale i innlegg av Jostein Eimhjellen

22.02.22: Firdaposten Intervju ang vår mening Via Ferrata i Hornelen

22.02.22: FJT ang Skiltprosjektet

30.03.22: Firdaposten, ang skiltprosjekt og 100 000 fra kommunen

06.04.22: FJT ang tyveri av turorientering

08.04.22: Firdaposten ang tyveri av turorientering

13.04.22: FJT stand på Hauge

06.06.22: FJT åpning Moldahytta

08.06.22: Firdaposten åpning Moldahytta

12.07.22: FJT ros fra Sølvi Joensen i sommer praten

24.09.22: FJT fra Stand i Svelgen

Fjordenes Tidende og Firdaposten; Vi har hatt innlegg i sommarmagasina

## Kommunikasjon:

Heimeside: [keipen.dnt.no](http://keipen.dnt.no)

E - post: [keipenturlag@gmail.com](mailto:keipenturlag@gmail.com)

E-post: [barnasturlag.keipen@gmail.com](mailto:barnasturlag.keipen@gmail.com)

Facebook; Keipen Turlag, Keipen Turlag Turboktrimmen og Barnas Turlag Keipen

Instagram: [keipenturlag](https://www.instagram.com/keipenturlag), [barnasturlag.keipen](https://www.instagram.com/barnasturlag.keipen)

**Heidersmedlemmet** vårt Oddmund Leirvik har dette året gått bort, vi vil minnes hans engasjement, kunnskap og dugnadsånd. VI LYSER FRED OVER ODDMUNDS MINNE.

## Dugnad:

	2020	2021	2022
Styremøte og anna administrativt arbeid	332	769	755
Feltarbeid (vedlikehald hytte, traséval, sti merking,)	297	706	1136
Turleiing	151	308	558
Anna	275	332	846
<b>Sum dugnad</b>	<b>1055</b>	<b>2141</b>	<b>3275</b>

## Samarbeid:

Ålfotbreen landskapsvernområde: Delteke på møte

Draumeplassen Dalen: 30 års bruksrett frå desember 2019

Økonomisk samarbeid: Vi har avtale om 20 % rabatt på kjøp av klær og sko til ordinær pris ved Sports Måløy/Deknepollen.

Georeg: kjøp av elektronisk turregistrering (Keipen Turlag og Svelgen fjelltrim)

Delt turleiarkompetanse med Flora turlag. Ålfotbreen og Plogen  
Barnas Turlag Keipen hadde arrangementet til BT på Kinn

3 turleiare hjalp Svelgen Bremanger Røde Rors i bergingsaksjon i Grøndalen

Ein representant i kommunen sitt arbeid med skiltplan

BT har hatt samarbeid med STIF – Kom deg ut vinter

BT har hatt samarbeid med Vivis matglede

Ung har hatt samarbeid med Zephyr og grunneigarlag på Guleslettene

Svelgen Bygg v/ Jostein Eimhjellen. Varde med stang i sentrum

## Sponsorat/Gåve:

Bremanger kommune

Enivest

Guleslettene

Jostein Eimhjellen

Klausen Industrier

NN

Spar Bremanger/Odd Håvardstun

Svelgen Sanitet

Sparebanken Sogn og Fjordane

Sparebankstiftelsen/SFT

Statsforvalteren i Vestland

Egil Ulvemoen

Tor Vistnes

Merkeprosjektet

Klatreutstyr

Ungarrangement

Arbeid ved montering av turskilt Svelgen sentrum

Skilt på turkassene

Merkeprosjektet

Merkeprosjekt

Merkeprosjektet

Olavsbu Hornelen (2021)

Hengar/Kurs og møteutgifter

Merking til Gjegnen

Material brønn Moldahytta

vassele / Åk

## Hytter:

**Knekkevasshytta;** Eigd av Svelgen Kraft AS/SFE og drifta av KT. Hytta er DNT ubetjent hytte, DNT - lås og besøksprotokoll faste senger til 12 fordelt på 4 rom + 4 flyttbare sengeplasser. KT har siden 1997 disponert hytta. Hytta hadde sist omfattende dugnad vår 2021. Siste avtale på hytta på 10 år går fram til 31.12.2031 Tilsyn: Steinar Isene

**Martinbu;** Hytte frå 2010. Liv Sigdestad Brekke har tilsyn med hytta og pynter gjennom året.

**Moldahytta;** Eigd av STIF og drifta av KT, Turlaget har siden «bergningsaksjonen» 1997 disponert hytta. Nyeste avtale på ti år er fram til 31.12.2031. Vår/sommar 22 har det blitt gjort eit omfattande dugnadsarbeid på hytta og den står nå som ei fullverdig DNT-hytte med DNT-lås og 10 senger fordelt på 2 rom. Tilsyn: Karstein Løvset.

**Olavsbu;** Olavsbu er ei enkel steinbu på toppen av Hornelen. Dette er ei nødbu og med sitjeplass til nokre få personar. I hytta finn du hyttebok og flagg. Vi har tradisjon for å heise flagget til topps den tida vi er på toppen. Hytta var bygd i samband med heksefestivalen som vart arrangert i Berle sommaren 1990 og var laga i Svelgen. Elementa vart frakta opp med helikopter. Ein kameratgjeng frå Svelgen/Bremanger monterte den der. Hytta vart først gitt i gåve til grendalaget i Berle og i 2019 fekk Keipen Turlag tilbod om å ta over Olavsbu. Sidan det er ei anna hytte i DNT-systemet som ligg i Jotunheimen med namnet Olavsbu, er vi konsekvente på å bruke namnet Olavsbu-Hornelen. Omfattende restaurering 2021.

**Langhuken;** Gapahuk ved Langesjøvatnet, bygd i 2019 ferdigstilt 2021. Plassert etter avtale med grunneigarene i Ålfoten, tilsyn Per Arne Sæterlid.

**(Vetehtta);** KT er i samtale med kommune om tilsynsavtale i samarbeid med Vetenløpet/BIL.)

**Vertskap på hyttene:** Sissel Igland, Anne Karin Vårdal, Audhild Vistnes, Jorunn Styve, Liv Sigdestad Brekke og Kirsten Grotle.

## Aktivitetsåret!

### Julebord og konstitueringsmøte på Knekkevasshytta

27-28 november 21 møttest det nye styret på Knekkevasshytta. Her hadde vi god tid til møte, gjennomgang av Barnas Turlag samt og setje de inye styremedlemmane litt inn i turlaget si historie og arbeid. Herleg julemiddag ble tilberedt. Ei sosial og koseleg helg på Knekkevasshytta.

### Opptur 8 kl.

Tilbake i ordinært opplegg etter covid-19.

1. onsdag i mai møttes de tre 8. klasse-trinna våre til det tradisjonelle Opptur-arrangementet, med tur på Knekkevasshytte. Det var ca 38 ungdom og 7 voksne oppe på Knekkevasshytta denne dagen

Per Arne Sæterlid hadde ansvar for guiding og geologien og Magne Kjerpeset fortalte historier frå huset og livet rundt kraft og drift. Kirsten og Jannike var med som turleiarar og opning/stenging av hytta.

## Dugnad på Moldahytta

Heile våren 2022

Jannike Brenden Frøyen var ansvarleg for dugnadsprosjektet og det har blitt mykje arbeid gjort for og oppgradere hytta som ei fullverdig DNT-hytte. No med DNT lås. Ny avtale med STIF om bruk på 10 nye år vart signert ved nyttår.

Det er montert solcelle og innlagt lyspunkt i alle rom, oppe er veggane på sovesalen kledd opp, vindu er reparert og tak og vindu malt. Dette rommet har fått 6 sengeplasser. Det andre soverommet har fått reparert vindu samt malt vindu her er det 4 sengeplasser. Nede er vinduer malt, «vaskerommet» er malt og det har fått nytt speil og forheng. Nye gardiner i dei fleste vindu og hytta er vaska ned og rydda. Litt knagger og div montert.

Ute er hele hytta beisa, det er montert 2 brannstigar og brønnen utgravd og laa lokk over. Ved er kløvd og stabla. Nokre tre er kappet ned. Hytta har fått hundebur i tilbygg

Etter avslutta dugnadshelg kom fire arbeidsame damer frå hyttevertskapet opp og hadde nedvask av heile hytta.

Moldahytta har fått T- skilt som markerer vår eige og viser alle velkommen!

Det vart ei vellykka opning av hytta 05.juni 22. Vi hadde eit godt besøk av både store og små, samt ordførar Ann Kristin Førde.

## Maling og utbedring av T Stier.

Vi har pr. 2022 sju T- stiar og totalt 72 km som er raudmala med T. Satsing dette året er skilting og flotte T-postkasser ved turmål

**Vingesætra.** Ansvarleg: Kjell Morten Langedal

Denne stien var stort sett ferdig i fjor, men ein km i slutten sto igjen, i tillegg til litt betre merking frå start. Dette arbeidet er nå utført. Det ble under turlagstur i start på året montert opp T-post kasse. Stien har fått nye skilt.

**Gjegnen.** Ansvarleg Svenn Petter Kjærpeset.

Stien er godt merka frå tidlegare. Nytt er at etter møtet i Ålfoten landskapsverneområde, er det no blitt gitt løyve til å merke vidare i verneområdet med merkepinne. Det ble under Gjegnen-tur bore opp masse kjepper. Det er nå blitt merat i toppen og T-postkasse er på plass på varden. Her gjenstår fortsatt litt arbeid. Dessverre har vêret vore vanskeleg i år. Stien har fått nye startskilt

**Vetvika.** Ansvarleg Kirsten Grotle

Det er blitt montert opp T-kasse i stikryss på stranda, Nytt startskilt Svarstad.

**Keipen.** Ansvarleg Tore Sjørgulen

Det er komme opp nye skilt ved start og ved Knekkevasshytta. Postkasse er ikkje montert enda

**Ålfotbreen.** Ansvarleg Steinar Isene

Det er komt opp startskilt. Grunna store utfordringar med vatn og stengt sti, ble det ikkje mogleg å komme opp med postkasse som var planlagt.

**Hornelen x2. frå Hunsgår og Berleneset**

Det er montert T postkasse på toppen og nytt skilt frå Berleneset.

**Troda:** Ansvarleg Sølvi Joensen

Arbeid med nabovarsla er snart i mål. Vi håper på merkedugnad vår 2023

### **Andre stier:**

Sti frå Langesi til Langhuken har blitt merket med 50 grønne kjepper med refleks.

Sti mellom Moldahytta og Jakthytta har blitt betre merket litt kløppelagt og vært mye klipping av greiner gjennom skog. Dette ble gjort i forbindelse med praktisk del av stimerkekurs.

### **Arbeid på Martinbu.**

Martinbu har denne hausten fått satt inn nytt opningsvindu då eit av 3 vindu i hytten var råte. Det er og vore gjort reperasjonar med ny shingel på deler av hyttetaket nordover.

### **Stand - Markering Frivilligheitas år**

Året 2022 har vært et år for å markere frivilligheita i Noreg. I Keipen Turlag har vi markert dette ved og delta på stand både innanfor og utanfor kommunen. Vi deltok på stand på Davik og Hauge organisert av Bremanger kommune frivilligsentralen. Vi deltok på Eid saman med Nordfjordkommunene og siste stand var i Svelgen i forbindelse med fagforeininga si 90 års markering.

### **Skilt og Merke Prosjekt.**

Ansvarleg Kirsten Grotle

Skilt- og merkegruppa har bestått av Steinar, Per Arne, Gry, Jannike, Svenn Petter og Kirsten har hatt to fellesmøter og har vidare jobba i mindre grupper fordelt på arbeid med skilt, tavler og økonomi.

Dette er eit arbeid med høg kostnad og det første budsjettet vi sette opp, kom på 180000 kr.

Vi bestemte oss for å sende ein søknad til Bremanger kommune om eit tilskot på 100000 kr. Dette fekk ei positiv behandling med god omtale i formannskapet, og førte til mykje merksemd i lokalavisene. At prosjektet vart gjort kjent på denne måten, gjorde til at vi fekk tilskot både frå privatpersonar og organisasjon. Vi har møtt stor velvilje frå kommunen og har hatt samarbeid om type skilt og tavle i tillegg til plassering i Svelgen sentrum.

Det vart bestilt inn solide turkasser til alle T-turmåla (Gjegnen, Ålfotbreen, Keipen, Vingesætra, Hornelen og Vetvika) våre. Desse fekk namn og høgdeskilt sponsa av Klausen Industrier, og nesten alle er komt på plass.

Draumen var å få ein stor og synleg peikar i Svelgen sentrum og så måtte vi prioritere kva turvegar vi skulle prioritere. Vi enda med at alle T-turane skulle få turstartskilt, likeeins hyttene våre, fjelltrimmen i Svelgen som turlaget driftar og skilt som viser veg frå hovudveg inn i eit turområde. Her måtte vi gå gjennom kvar einaste turrute med start og stikryss, så kvar enkel peiker ligg det mykje arbeid bak. Vi må tenke symbol; T eller logo, fargekode og avstand, namn og kva side skrifta skal stå på. Vi enda opp med å kjøpe 59 skilt.

Den store peikaren i Svelgen sentrum kom på plass no i månadskiftet oktober/november ved god hjelp av Svelgen Bygg og Jostein Eimhjellen. Skilta ute i terrenget er komt på plass og no står det igjen å få fullført to tavler i Svelgen sentrum og tavler ved turstart til Knekkevasshytta og Moldahytta. Dette skal det nye styret jobbe vidare med neste arbeidsår.



## Keipen UNG.

Ansvarsperson for Ung er Per Arne Sæterlid og i år var det planlagt tre Ung-arrangement; Randonee tur, klatring og BaceCamp Ung Guleslettene. Klatring og BaceCamp vart flytta til same helga og klatring vart ein del av BaceCamp arrangementet. Begge disse arrangementa var vellukka, med små justeringer for framtida. Vi klarte to ung arrangement dette året, desse på same tidspunkt.

## Barnas Turlag Keipen 2022.

Leiar: Marte Christine Jørgensen

Medlemmer:

Har etterspurt lister, men DNT har lagt om systemet og hatt problemer med å utlevere dette, Så vi usikre på tal barnemedlemmer per i dag

Møter:

Det har vært gjennomført 4 fysiske møter på lager/møterom i Rugsund. Det har vore vanskeleg å samle alle i BT til møter og folk har avlyst i siste liten. Har brukt messengergruppe for å diskutere og samtale mest.

## Arrangement

- Nissemarsj Davik til 4H hytta – gjekk ut grunna covidutbrudd
- Kom deg ut vinter – Karlskarstova - ca 50 barn og 30 voksne tilstede
- Aktivitetsleiarkurs – Kolset – 5 nye aktivitetsledere
- Turbotrim – april til oktober – 47 solgte og 18 gjennomførte
- Friluftsmoro i Berledalen – gjekk ut grunna dårleg vêr
- Rumpetrollsafari – 15 born og 6 voksne deltok
- Tur til Kinn for å hjelpe Flora Turlag på Kinnaspelet – 3 aktivitetsledere fra Barnas Turlag Keipen reiste til Kinn for å hjelpe Flora Turlag med barnearrangement i samband med Kinnaspelet. Ein flott tur rundt Kinn med påfølgende grilling i fjæra med rundt 25 store og små. Heldige oss som også fikk oppleve Kinnaspelet
- Rebusløp til opa Moldahytte- rundt 100 deltagende av stort og smått
- Mat og moro m/Vivis matglede – 70 påmeldte barn, rundt 150 tilstede med stort og smått.
- Stand Eid frivillighetens år 2022 – Marte og Mie stilte. Ansiktsmaling var stor hit.
- Stand Davik – Marte og Siriann stilte
- Stand Bremangerhallen – Marte og Siri Marie stilte
- Stand Svelgen september 22 – Stig Arve og Marte stilte.
- Kom deg ut haust – Langhuken – naturbingo, kano og leik- 43 deltagende med store og små

Utvikling:

Vi har i år fått oss 5 nye aktivitetsledere med godkjent aktivitetslederkurs.

Vi har hatt en god del aktivitet i Barnas Turlag i år. Det har vært fin oppslutning kring desse.

God oppslutning kring Turbotrim noko som er gledeleg.

Barnas Turlag Keipen har i år hatt med seg ca 215 born og 191 voksne på aktivitetar.

## **Turorienteringa 2021.**

Ansvarleg er Steinar Isene

Turorientering vart starta i Svelgen i 1976 av Svelgen Turn og Idrettsforening. Keipen Turlag overtok i 2007. Pga. hærverk/tyveri ble det ikkje oppstart som planlagt dette året, så turorienteringa kom seint i gang.

Salgs plass Best Svelgen

I 2022 vart selt 42 kort/brev, av desse tok 31 gullmerket.

Barn under 8 år, var det 4 stk som fullførte. Deltakarane under 8 år fekk kvar sin premie.

Av dei over 8 år trekte vi ut tre deltakarar som fekk kvar sin premie

Det er 2 stk som får 10-års plankett i år.

Turorienteringa i år har gått på desse plassane:

Dyrstad-Dyrstadsætra, Ivervatn, Vetrebotten – mot Toppen og Guleslettene – Varmestova.

## **Fellesturer og turleiargruppe 2022.**

**Ansvarleg for turleiargjengen:** Jannike Brenden Frøyen

**Turleiarar 2022 - totalt 13 stk:**

Vi fekk gjennomført førstehjelpskurs som planlagt i vår, der 12 av 13 deltok.

Vi har hatt kommunikasjon i turleiargruppa på lukka Facebookside.

Vi har utdanna 1 turleiar og 1 sommerturleiar dette året

### **Oppsummering fellesturar 2022**

Noko avlysing grunna snø som kom i våres og nokon grunna dårlig vær. Men turane som er gjennomførte har vore vellykka, sjølv om nokon har vore særskild krevjande, grunna ikkje optimalt vær eller personer som har opplevd meir krevjande turar enn tenkt. Totalt (utan Barnas Turlag og Ung) har det vore 223 vaksne og 79 barn/unge på fellesturane og Opne hytter (2021 var det 162)

Turleiargruppa har hatt to møte sidan sist årsmøte. Elles god kommunikasjon på Facebook.

Eitt møte før turåret, og eitt oppsummering/førebuande møte til neste års program.

Vi er blitt flinke til å opprette arrangement i forkant av turane, dette kan med fordel skje enda tidlegare slik at alle opplysningar kjem i god tid, på nettsida. Og - vi er kjempeflinke på bildedeling/innlegg på Facebook etter turane.

## Turåret 2022

10.04.2022		Troda	ski	Jannike, Kjell Morten og Inger Lise	Avlyst
24.04.2022		KKK -Kårnyken, Klakegga og Kvasshornet	Ski	Svenn Petter og Jannike	10+1
01.05.2022		Keipen	Ski	Jannike, Arne Rebni og Håkon Igland	13+1
07.05.2022		Vingelv sætra	Fot	Steinar og Liv	4
07.05.2022		Gjegnen	Ski	Svenn Petter og Jannike	6
08.05.2022		Opa Knekkevasshytte	Fot	Vertskap	20+20?
15.05.2022		Aksla, Ålfoten	Fot	Elisabeth og Anne Karin	5+2
21.05.2022		Ålfotbeen	Ski	Svenn Petter + MNT + Flora Turlag	Avlyst
28.05.2022		Vasskarvatna m/mulighet for telting	Fot	Gry og Per Arne	Avlyst
05.06.2022		Opa Moldahytte	Fot	Vertskap	50+50?
12.06.2022		Kvasshornet	Fot	Steinar og Elisabeth	Avlyst
19.06.2022		Hjelmen	Fot	Stine og Tobias	Avlyst
24-25.06.2022		Solnedgang til Soloppgang	Fot	Gry, Liv, Anne Karin	27
26.06.2022		Gullsmedhytta	Fot	Svenn Petter og Jannike	15
07.08.2022		Smalerabben	Fot	Stine og Tobias	Avlyst
14.08.2022		Tongane fort, Rugsund over	Fot	Johnny Og Jannike	Avlyst
21.08.2022		Gjegnen	Fot	Jannike, Inger Lise, Kjell Morten, Svenn Petter	30
28.08.2022		Plogen	Fot	Inger Lise og Kjell Morten (Flora Dag )	16
11.09.2022		Løkkevannshytta fra Sør dalstrappa	fot	Inger Lise, Gry	Avlyst
18.09.2022		Tungeskaret, Gaubåsen og Nipene	Fot	Liv,	Avlyst
02.10.2022		Opa Knekkevasshytte	Fot	Vertskap	15+5?

Barn 0-12 år

06.02.2022		Kom deg ut dag, Karlskarstova Vinter	ski	BT	35+45?
05.06.2022		Opa Moldahytte, rebusløp	Fot	BT - vertskap	50?
21-22.05.2022		Friluftsmoro i Berledalen	Fot	BT	Avlyst
04.09.2022		Kom deg ut dag. Høst	Fot	BT	10+20?

Ung 13-25 år

09.04.2022		Troda	ski	Stine og Tobias og Elisabet	Avlyst
11.05.2022		Opptur 8. Klasse	Fot	Per Arne og Kirsten	6+35
20-21.08.2022		Guleslettene Sykkel/fot	sykkel	Per Arne, Johnny	2+12
20.08.2022		Grytadalen	Klatring	Stine, Elisabeth	4+16

Deltagere

Voksne 223

## Turboktrimmen 2022.

Ansvarlege for Turboktrimmen har vore: Svenn Petter Kjerpeset og Jannike Brenden Frøyen

Det har som det bruker vore solgt kort ved 4 butikkar:

- Spar Kalvåg
- Spar Bremanger
- Coop Prix Svelgen v/Liv
- Nærbutikken Davik

Kort blir solgt for kr 100,-. Butikkane sel konvoluttar og registrerer kjøperen, sidan ein nå ikke leverer klipte kort inn igjen.

Turboktrimmen har for andre år vore gjennomført med elektronisk registrering GEOREG. Dette har redusert arbeidet kraftig.

Aktiviteten viser til Turboka, og er godt markedsført på Facebook-side/Turboktrimmen. Den har og vert markedsført på Keipen Turlag si Facebook side, heimesida og med plakater på butikkane.


Turboktrimmen sitt tema i år har vore Hyttejakt - 10 poster i 10 soner:

Dosabu - Kalvåg, Vetehytta - Bremanger, Kvilehytta i Berledalen, Tongane Fort - Rugsund, 4H hytta - Davik, Varmestova - Guleslettene, Martinbu - Svelgen, Moldahytta - Svelgen, Knekkevasshytta - Svelgen og Langhuken - Ålfoten.

Oppsummering Turboktrimmen:

Nesten 7 mnd. aktivitet, frå 8. april til 16. oktober 2022. Turboktrimmen hadde salg til 72 personer og 32 gjennomførte. Premie 2022 er flotte kopper med Keipen Turlag-logo i gull. blå utanpå – kvit inni

Turboktrimmen har no gått i 10 år:



I år er det 10 års jubileum for denne aktiviteten som Kirsten og Steinar starta med i 2013. Dei som har fullført Turboktrimmen alle ti åra vert premierte med ei spesiell gåve . Det er totalt 13 stk

## Fjelltrimmen Svelgen.

Ansvarleg: Gry Gulestøl

Fjelltrimmen Indre (Svelgen) har gått frå 23.november 2021 til ut oktober 2022. og har 10 poster. Dette er første året med elektronisk innsjekk med bruk av Georeg. Totalt har 134 benytta seg av Georeg i Svelgen Fjelltrim.

15 personar hadde besøkt alle postane.

Vinnar av fjelltrimmen (mest poeng) får gåvekort av 500 kr.

Gåvekort til tilfeldig trekt barn 0-12 år har vore på alle postane 500kr

Gåvekort til ein tilfeldig ungdom 13-19 år har vore på alle postane 500 kr

Gåvekort til ein tilfeldig voksen 20 -66 år har voret på alle postane 500 kr

Gåvekort til ein tilfeldig senior67+ år har voret på alle postane 500 kr

<b>Post:</b>	<b>Tal besøk 2019:</b>	<b>Tal besøk 2020:</b>	<b>Tal besøk 2021:</b>	<b>Tal besøk 2022:</b>
Risevatnet 3,5 km	2503	2095	2539	2482
Risevatnet - Vasskaret	391	296	444	991
Moldahytta	1958	1177	807	952
Martinbu/Sandsegga	1338	1051	1250	1342
Omvendeskaret	61	68	89	99
Ivervatn	369	173	175	148
Knekkevasshytta	223	106	226	355
Jakthytta Ytrehus	279	264	244	175
Gulebrystet	325	104	168	261
Toppen			264	217
<b>Samla besøk:</b>	<b>7447</b>	<b>5334</b>	<b>6206</b>	<b>7022</b>